



Arkivsaknr.:  
14/1002-29

Arkiv  
K2-X20, K3-&30

Sakshandsamar  
Ingunn Bårtvedt Skjerdal, 57 63 29 11

Dato  
04.11.2014

## Referat frå informasjonsmøte om naturskade 03.11.2014

Møteleiar Noralv Distad

*I panelet:*

Magnhild Aspevik, Felles landbrukskontor ÅLA, Terje Haug og Jens Krog Norsk naturskadepool, Gunn Eide Landbruksdirektoratet, Per Thomas Klingenberg lensmann i Lærdal.

Ordførar Noralv Distad ønskte velkomen, bakgrunnen for møtet at flaumen har ført til stor skade på eigedom.

### 1. Norsk naturskadepool

ved dagleg leiar Terje Haug og leiar av skadeutvalet Jens Krog:

- Norsk naturskadepool er ei lovpålagt ordning . Alle forsikringsselskap som sel brannskadeforsikring må vere med i norsk naturskadepool. Det vil seie at forsikringar som dekker brannrisiko dekker og skade etter naturulykker.
- **Dei som er råka av flaum må melde skade til sitt forsikringsselskap. Det er forsikringsselskapet som er kontakt mot kunden.**
- Norsk naturskadepool dekker skader som oppstår som følgje av skred, storm, flaum, stormflo, med meir.
- *Kva vert dekka av naturskadeforsikring?*
  - bygningar og lausøre som er forsikra mot brann er samtidig forsikra mot naturskade
  - redningsomkostningar
  - riving og rydding
  - er det eit bustadhus eller fritidshus som er forsikra omfattar forsikringa og naturskade på hage, hageanlegg, gardsplass og privat tilførselsveg(og bru) knytt til bustad- eller fritidshuset. Arealet er avgrensa til 5 dekar, inkludert den delen av tilførselsveg som ligger innanfor hagen, hageanlegget og gardsplassen.
- Skaden meldast til forsikringsselskapet
- Taksering av skaden vert gjennomført av takstmann på oppdrag frå forsikringsselskapet.
- Eigendelen ved naturskade er lovbestemt kr 8000,-

Nærare informasjon på [www.naturskade.no](http://www.naturskade.no) og i brosjyren "Naturskader og erstatning" som ein kan få på rådhuset i Aurland eller Lærdal eller på denne linken:

<http://www.naturskade.no/no/Hoved/Naturskader/Naturskader-og-erstatning/>

### 2. Lensmann i Lærdal Per Thomas Klingenberg

Alle skader i landbruket skal meldast til lensmannskontoret i Lærdal eller Aurland

### **Frist for melding av skade 3 månader etter at skaden er oppstått**

Tingretten oppnemnder to skjønnsmenn som er med på lensmannsskjønnet. Lensmannen melder inn behovet slik at det vert skjønnsmenn med kompetanse på det aktuelle fagfeltet. Skaden vert taksert av lensmannen saman med skjønnsmennene. Lensmannen vil forsøke å prioritere slik at dei det hastar mest for kan komme i gang med tiltak.

### **3. Naturskadefondet ved Gunn Eide**

Målet med naturskadefondet er å redusere tap etter naturskade.

- Gjelder skader på objekt som ikkje kan forsikrast gjennom alminnelig forsikringsordning
- Erstatning kan gis til **private** eigarar, er du i tvil om du har rett til erstatning, meld skaden!
- Ordninga gjeld naturulykke, og kan gå til skade på areal, bruer, vegar mm.
- Naturskaden må meldast til lensmannen innan 3 månader etter at skade har skjedd, få ein oversikt over heile egedomen og skadar innan fristen.
- Dersom det er behov for hasteutbetring, avtal det med lensmann og dokumenter skaden med bilete og med avmerking av skadeområdet på kart.
- Skaden vert taksert ved lensmannsskjønn , det er klagerett på lensmannsskjønnet 1. måned klagefrist
- Ordninga er retta mot eigar, men eigar kan gjere avtalar med eventuell leigetakar
- Utgifter til nyplanting av frukttre vert dekkast, eventuelt tap av forventta avling fram til trea er av same alder som dei tapte trea var, kan dekkast.
- Meirkostnadar og mindre sikringstiltak - kan dekkast maksimalt kr 30 000. 30% av meirkostnaden opp til maksimalgrensa,
- Landbruksdirektoratet er sekretariat og førebur saker, styret for Statens naturskadefond fastsetter erstatninga. Styret vurderer om skaden skyldast naturulykke, og om det eventuelt er grunnlag for avkorting av erstatninga. Det er klagerett på styret sitt vedtak – frist 3 veker
- Eigendel kr. 10.000 + 15% av overskytande. Kombiskadar med forsikring gjev redusert eigendel.
- 3 års frist for utbetring av skadane – kan søke om forlenging av fristen.
- erstatninga vert utbetalt etterskotsvis, delutbetaling og sluttutbetaling meldast via lensmannen.
- Erstatning for avlingssvikt vert handtert av kommune og Fylkesmann
- For nærare opplysningar:
  - Naturskadeerstatning: Lensmannen
  - Avlingssvikterstatning: Kommunen og Fylkesmannen
  - Begge: Landbruksdirektoratet si heimeside [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) under fanen Erstatning

### **Svein Arne Vågane, Norges vassdrags og energidirektorat (NVE)**

Det er klart at det i mange av elvene i området ligg masser i elvflaupet. NVE må sjå på tiltak i elvene og gjere sine faglege vurderingar, med uttak av masser som er oppbygd i elvene er det nok veldig aktuelt å gjere noko med. Kapasiteten i elvene kan vere redusert og det er viktig å sjå elvene i samanheng. Tiltak som er gjennomført til no er mellombelse tiltak for å sikre verdiar. Det er no to personar frå NVE på plass for å planlegge meir permanente tiltak i Flåmselva.

Dersom det er aktuelt for grunneigarar å gjere tiltak i elva sjølv, må det avklarast med NVE i forkant. Det er td. veldig viktig at den gamle elvebotn ikkje vert endra på. Grunneigar som vil gjere tiltak i vassdrag rettår spørsmål til kommunen som kontaktar NVE og får spørsmålet av klart med dei. Ring heller ein telefon for mykje.

**Kort oppsummering:**

- Dei som har fått skade på eigedom i samband med flaumen må melde dett inn
- **Skade på landbrukseigedomar skal medlast til lensmannen.** Frist for å få dette inn i naturskadeordninga er tre månader etter skaden oppstod. I denne situasjonen vil det sei innan 28. januar 2015.
- Bygningar og skade på eigedomar under 5 dekar, **må meldast direkte til ditt forsikringsselskap.**
- Dersom nokon ynskjer av eigen interesse å gjere tiltak i elvelaup må dette medlast til NVE via din kommune.

Ingunn Bårtvedt Skjerdal  
Rådgjevar